## Bøkkerkvelden er utsett

07.06.2011



Bøkkerkvelden i fjor samla mange, årets kveld er utsett (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bøkkerkvelden 25. juni går ut i denne omgang.**
**Årsaka er stor aktivitet med mange alternative tilbod for tida,**
**opplysar Kristian Bringedal.**

Det var til no påmeld 10 personar. Alle vil få tilbakemelding omendringa.

Arrangørane vil likevel ikkje sleppa den 15 år lange tradisjonen
med kystkulturkveld i Bøkkerverkstaden på Rød.
Om det er interesse, kan deialt få det til seinare i sumar.
Visekvelden 27. august går etter oppsett program.

-Vi ser klart av Bøkkerkvelden treng ei fornying og eit endrainnhald.
Dette vert drøfta med det fyrste, opplysar Bringedal.

Nær på 1000 gjester har vore innom denne tilskipinga over ein 14 års periode.

Bøkkerverkstaden med kai kan leigast til private arrangement.
Leiga er kr. 1000. Inntekta går til fornying og opprustning av sjøbua.